

**Namn på skulen: Voss gymnas****Tal elevar skuleåret 2016/17:****1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring****Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

**1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag**

2015/16	85,7%
2016/17	89,89%

**1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen**

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	0,63%	1,2%
	2016/17	0,53%	1,13%
Termin 2/standpunkt	2015/16	0,46%	0,13%
	2016/17	0,29%	0,48%
Eksamens	2015/16	3,13%	na
	2016/17	1,24%	na

**1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17**

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1	5
Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt	12
<i>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fråværsgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?</i>	
Skulen har ikkje merka særleg forskjell i fråværstala eller talet på ikkje vurderingar. Der ein har sett FAM51-kode, har faglærar heller ikkje hatt vurderingsgrunnlag (FAM21).	
<i>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?</i> Skulen har hatt plan for at avdelingsleiar, kontaktlærar og faglærar skal ha møte med elevar som er på veg mot 10% fråvær for å avklare situasjonen.	

**1.4 Gjennomsnittleg fråvær**

2015/16	timar	10,12
	dagar	5,57
2016/17	timar	9,21
	dagar	3,61

**1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrotsdato frå 1/10**

2015/16	3,7
---------	-----

2016/17	2,79
---------	------

### 1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»

Kor mange elevar er registrerte med avbrotskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?

**4**

Elevar som fell inn under denne kategorien har ofte personlege utfordringar som dei ikkje vil gje opp i detalj.

### 1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18

**Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?**

Skulen har få sluttarar sett i elvetal. Skulen kjenner og til elevane som får karakteren 1 og IV ved at dei er i skulen sitt oppfylgingsapparat.

**Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen fra ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?**

Voss gymnas nyttar seg av ei rekke tiltak for å sikre overgangane. Vi har to opne dagar der vi møter 9.klasse på våren og utprøving av programområde i 10.klasse på hausten. Vi vitjar ungdomsskulane kvart år for å informere. Ved skulestart har vi ein startsamtale med elev og kontaktlærar der foreldra er inviterte. Dersom kartleggingsprøver, startsamtale, eller rapport frå OT/PPT viser ekstra behov har vi støttetiltak i matematikk og framandspråk.

For å sikre overgang mellom nivåa har vi fagleg kartlegging i matematikk og engelsk.

Mellom vg1, vg2 og vg3 har vi klasselærarråd der informasjon om klassane vert utveksla. Elevane vert systematisk følgt opp av kontaktlærar, elevinspektør, rådgjevarar, avdelingsleiarar og elevkoordinator. Elevar som i løpet av skuleåret har stort fråvær eller som får IV eller stryk ved 1.terminoppgjer vert, saman med foreldre, kalla inn til samtale med ein frå leiinga for å gå igjennom situasjonen og vurdere tiltak. Elevar som ligg an til stryk eller IV på T1 karakteren vert kalla inn til eigne møte med avdelingsleiar og foreldre.

**Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?**

Vi har ein sterk auke i elevar som slit med psykiske vanskar, og vi etablerer difor sterkare band til psykisk helseteneste. Ressursteamet arbeider grundig og løpende med å følgje opp desse elevane

**Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?**

Vi har i år fokusert på faste klasselærarråd for å sikre at alle lærarane i ein klasse følgjer opp desse og andre elevar. Klasseteama arbeider systematisk med klasse-og læringsmiljø. Vi har også trekantmøte med avdelingsleiar.

## 2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunngitt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

### 2.1 Utviklingstiltak – Klasseleiing

*Kva var målet med tiltaket?*

Godt og trygt læringsmiljø i klassane/ mindre grupper

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Systematisk bruk av klasselærarråd. I tillegg har vi hatt klasseteammøte og trekantmøte med avdelingsleiar.

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Omorganiseringa og mange lokalitetar for VOG og VOH. Vi treng trygghet i små einingar når det store er i flyt.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Avdelingsleiarane har hatt eit hovudansvar i lag med kontaktlærarane. Planlagt på årsplan. Innkallingar og referat systematisk ført.

#### 2.1.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Avdelingsleiarane har vore tett på sine grupper og vore deltagande i gjennomføring av trekantmøter og klasseteammøter.

#### 2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Vi meiner det har vore vellukka ved at elevane systematisk har kome til orde og at trygt klassemiljø har vore sett på dagsorden.

#### 2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Vanskeleg å måle heilt presist, men vi har gode tilbakemeldingar frå elevane/elevrådet og tilsette gjer også uttrykk for at dei meiner det er eit positivt tiltak. Ein har fleire dømer på at ein har fått tatt tak i utfordringar knytt til klassemiljø og enkelt elevar sin skulekvardag gjennom tett dialog med elevane i trekantmøter.

#### 2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Hovudutfordringa er kven lærarar som kal delta i kva for grupper, dette gjeld særskilt lærarar som har elevar i særsmale mange klassar. Det er også ei utfordring når dei lærarane som er i eit team vert samde om noko for si gruppe og alle lærarar skal implementera det.

## 2.2 Utviklingstiltak – Helsefremjande skule

*Kva var målet med tiltaket?*

Ein av fire pilotskular i HFK

Linkar rapport frå tiltaket.

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

### 2.2.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

### 2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

### 2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

### 2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Voss gymnas er i omstilling. Vi har hatt nok med to fokusområde i år.

## 2.3 Utviklingstiltak – namn

*Kva var målet med tiltaket?*

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

### 2.3.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

### 2.3.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

### 2.3.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

### 2.3.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

### 3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

#### **3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Skulen har mellom anna brukta Elevundersøkinga som eit verktøy for tilstandsvurdering med dei tilsette og med elevane. Andre prosessar for tilstandsvurdering har vore gjennomført på klassetemamøter, i seksjonsarbeid og på avdelingsmøter.

#### **3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Medverknad og involvering har ein sikra gjennom at skulanes særskild har hatt fokus på utviklingarbeid knytt til fellesaktivitetar i form av klasseteammøter og trekantmøter. Alle har derfor vorte involvert i praktisk gjennomføring av utviklingsarbeidet.

#### **3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

Ved skulestart hadde ein på avdelingsnivå samlingar der ein arbeidde med det nye styringsdokumentet og det vart spesielt sett fokus på plattform for det pedagogiske utviklingsarbeidet og kva ein som skuleleiar, lærar og elev hadde ansvar for å delta aktivt og systematisk med for å utvikle skulen.

#### **3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Det som har vore spesielt inneverande år er at ein samtidig som ein har hatt fokus på VOG/VOH sitt utviklingsarbeid, har ein på same tid hatt fokus på å førebu skulesamanslåinga i august 2017. Det har ein gjort ved at tilstellingar, som til døme elevrådsseminar, temadag og elevrådstur har vore felles mellom dei einingane som skal slåast saman frå hausten av. Ein har derfor ikkje berre kunna hatt eit fokus på VOH/VOG sitt utviklingsarbeid, men hatt eit framoverretta fokus.

#### **3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

Forutan utfordringa nemnd over, har det i omstillingfasen der elevar og tilsette har hatt undervisning og tilsettjingstilhøve på fleire skular vore vanskeleg å samle alle til same tid og oppsette møter. Mange har også hatt mange andre ekstra oppgåver knytt til prosessen i form av utvalsverv, brukargrupper og ikkje minst planlegging og gjennomføring av flytteprosessen. Klasseteama og trekantmøta har derfor vore viktige samlingspunkt som ein har prioritert for å ha elevane, klasse- og skolemiljø i fokus.

#### **3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.**

Skulen har dei to siste åra prioritert oppfylging av elevane si læring og trivsel i omstillingfasen. Det har vore ein periode der rammene for vanleg skuledrift har vore utfordrande. Slik sett er skulen nøgd med utviklingsarbeidet ein har fått gjennomført knytt til dei konkrete aktivitetane retta mot å sikre fortsatt god læring og trivsel for elevane i omstillingsperioden.

**4 Ope felt - valfritt**

Voss gymnas er i omstilling både bygningsmessig og organisatorisk. Dette har medført mykje av alle involverte parter. Vi har prioritert dette arbeidet gjennom ma Omstillingsutval, Infobrev til alle som skal inn i den nye skulen, fellesmøte etc.

For elevane har vi hatt fokus på Klassen som trygg eining og Helsefremjande skule. Dette har vi valt for å støtte opp om at elevane alltid skal ha eit fullverdig skuletilbod uavhengig av bygningsmessige og organisatoriske omstillingar.

Vi meiner at vi i all hovudsak har lukkast i dette.